

• Norsk språk i arbeidslivet

Åse Wetås

direktør i Språkrådet

Kvifor?



Språkrådet arbeider for at norsk skal vera eit reelt fellesspråk for alle som bur i Noreg.

Framlegget til ny språklov (Prop. 108 L (2019-2020)):

§ 1 «Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg.»

§ 4 «Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.»

Bransjane blir handsama ulikt, og det er statusskilnader.

- Me snakkar sjeldan om «andelen med innvandrar-bakgrunn» i akademia.

Finst det fellestrekk mellom bransjane?



For arbeidsgjevar kan relevant språkkunnskap bidra til færre ulukker, feil og auka produktivitet.



For samfunnet er det viktig å ha eit fellesspråk som fungerer. Det får me ikkje til dersom store grupper står utanfor språkfelleskapen.

Alle tener på at arbeidstakarane meistrar norsk. Då må det også vera eit felles ansvar å leggja til rette for at alle får høve til å læra norsk.

- Språk er ein faktor som både kan inkludera og ekskludera.

- Arbeidsplassen *kan* vera ein viktig arena for språkleg inkludering, men er han alltid det i praksis?

Det er nokre ulikskapar mellom akademia og dei andre fagområda rapporten ser nærare på.



Krava til norskkompetanse må ikkje vera *lågare* i denne sektoren enn i andre.



- Språk er meir enn tryggleik på arbeidsplassen, og det er viktig for livet utanom jobben.

- Språket gjev ei betre tilknytning til samfunnet.

- Språket gjev høve til å delta i den offentlege samtalen, til å følgja norskspråklege media, og engasjera seg i eige nærmiljø.

- Internasjonaliseringa er ei politisk ønskt utvikling.
- Me treng ein betre plan for å inkludera alle i den norske språkfelleskapen.
- Me må finna løysingar som er gode for både den einskilde og samfunnet vårt.

Takk for merksemda